
Kommunal planstrategi 2012-2015



Samnanger kommune

Framlegg til kommunestyret
18.12.12



Innhald

1. Innleiing	3
2. Utviklingstrekk i kommunen.....	4
a. Folketalsutvikling og befolkningssamansetting.....	4
b. Levekår og folkehelse	6
c. Bustadbygging	6
d. Næringsliv og sysselsetting.....	7
e. Kommuneøkonomi.....	9
3. Kva utfordringar står kommunen andsynes?	10
4. Kommunen sitt plansystem.....	10
a. Skildring og evaluering av plansystemet	10
b. Kommuneplanens samfunnsdel 2007 – 2017	11
c. Kommuneplanens arealdel 2004 – 2014.....	11
5. Einingane sine vurderingar	12
a. Pleie og omsorg	12
b. Eining for interne tenester	14
c. Barnehageeininga.....	18
d. Teknisk eining	18
e. Eining for kultur	19
f. Liste over alle eksisterande planar	19
g. Nye planbehov.....	21
6. Kommunen sitt planbehov i lys av punkta over	21

1. Innleiing

I følgje Plan- og bygningslova §10-1 skal kommunestyret seinast innan eitt år etter konstituering utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi. Føremålet med ein kommunal planstrategi er i hovudsak å få oversikt over kva utfordringar kommunen har som krev planar, og gjera ei prioritering av kommunen sitt planbehov i valperioden. Kommunen sitt plansystem skal evaluerast. Dette inkluderer ei vurdering av erfaringar med gjeldande samfunnsdel og arealdel til kommuneplanen. Arbeidet med planstrategien erstattar tidlegare krav i PBL 1985 om obligatorisk rullering av kommuneplanen. Planstrategien kan også brukast til å drøfta kommunen sine strategiske vegval innan samfunnsutvikling.

Det er viktig å få ei meir systematisk og politisk styring med kva planoppgåver som er viktige for kommunen dei komande 4 åra. Det har gjort at det i ny plan- og bygningslov er kome krav om utarbeiding av kommunal planstrategi innan første året i valperioden. Det er også eit mål å få til betre samordning og samhandling mellom kommunen og interkommunale og regionale planbehov. Stikkord som plan- og bygningslova nemner for diskusjon i planstrategidokumentet er langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og vurdering av kommunen sitt planbehov. Som bakgrunn for å diskutera desse tema kan det vera interessant å sjå på befolkningsutvikling og samansetjing, levekår og folkehelse, næringsliv og sysselsetting, bustadbygging, transport og infrastruktur, kommunal tenesteyting og forvaltning.

Underlagsmaterialet i planstrategien er utarbeidd av administrasjonen, der dei ulike einingsleiarane har kome med innspel på sine område.


Miljøverndepartementet legg i sin rettleiar for kommunale planstrategiar vekt på at dette arbeidet skal vera eit verkty for betre og meir behovsstyrt kommunal planlegging. Den kommunale planlegginga skal ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt, og kommunal planstrategi erstattar det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen som låg i tidlegare plan- og bygningslov (1985).

2. Utviklingstrekk i kommunen


All statistikk i dette kapittelet er henta frå <http://statistikk.ivist.no>

a. Folketalsutvikling og befolkningsamansetting


Folketalet i Samnanger var pr. 1.1. 2012 på 2417 personar, og utviklinga dei siste åra (2001 – 2011) har vore med ein svakt stigande tendens, 4,0 %.





Aldersfordelinga i kommunen er illustrert på figuren under. Den mest tydelege trenden i figuren er auken i aldersgruppa 60-69 år, og årsaka er dei store barnekulla som vart fødde etter andre verdskrig. I Hordaland har ein dei siste ti åra hatt ein kraftigare auke i talet på 20-29 åringar og 30-39-åringar enn i landet som heile, men denne trenden finn me ikkje att i Samnanger. Desse aldersgruppene har dei høgaste fødselstala. Samnanger vil ikkje kunna venta seg ein auke i fødselstala med det første.



Familiestrukturen i kommunen er vist på figuren under.



SSB spår følgjande folketalsutvikling og aldersfordeling for Samnanger ved såkalla middels nasjonal vekst:



Dei mykje omtala prognosane for Bergensregionen (ni kommunar) med 160 000 fleire innbyggjarar innan 2040 er ein vekst Samnanger ser for seg å ta del i.

b. Levekår og folkehelse

Samnanger har nyleg vedteke Plan for folkehelse, og teksten i dette kapittelet er henta derifrå.

I følgje Folkehelsebarometeret ser det ut til at Samnanger ligg relativt godt an på fleire indikatorar. Barometeret blir vist som trafikklys; grønt viser at kommunen gjer det signifikant betre enn landet, gult seier at det er usikkert om kommunen skil seg ut, raudt viser at kommunen ligg dårlegare an enn resten av landet. Låg utdanning og låg inntekt er to risikofaktorar som kan ha negativ innverknad på helse. Her ligg Samnanger godt an samanlikna med både Hordaland og landet. Når det gjeld sjukelegdom, ligg kommunen godt an når det kjem til dødstal skulda kreft, på diabetes type 2 og på psykiske lidingar. Det kan sjå ut til at befolkninga i Samnanger har god helse. Men det er og nokre område der kommunen skil seg særskilt dårleg ut, og det er i tal uføretrygda og born født med høg fødselsvekt. Det er og nokre gule lys på den "negative" sida av statistikken der hjarte- og karsjukdom er eitt av dei. Her ligg me heilt i botn av Hordalandssnittet. Sjølv om det ikkje utpeikar seg med eit raudt lys, er det likevel eit område me må vera merksame på. Det kan tyda på at det er ulikskapar i helse også i Samnanger. Nokre har veldig god helse, god utdanning og god inntekt. Andre slit med å koma i arbeid og er meir sjuke.

Elevundersøkinga for 2010 viser at elevane i både barne- og ungdomsskulen trivst godt. Begge skulane ligg tett opptil gjennomsnitt for landet og for Hordaland på dei målte faktorane.

Samnanger har høge tal for fråfall i vidaregåande skule, utan at me kan seia noko om grunnen. Det vil koma fram meir kunnskap om dette når resultatata frå undersøkinga Ung@Hordaland, som vart starta hausten 2011, føreligg.



Kommunen har relativt mange med nedsett arbeidsevne og skil seg signifikant frå landssnittet på tal uføretrygda.

Samnanger har ei samansett og variert gruppe innvandrarak. Dei har kome til landet av ulike grunnar, til dømes giftarmål, arbeidsinnvandring og flukt frå usikre land. Ulike bakgrunnar og erfaringar gjennom kultur og utdanning gjer at me ikkje kan snakka om innvandrarak som ei lik gruppe, og utfordringar knytt til språk og integrering vil variera. Flest innvandrarak er frå Polen, Bosnia-Herzegovina, Thailand og Danmark.

c. Bustadbygging

Det vert ikkje bygd mange bustader kvart år i Samnanger. Statistikken viser at ingen bustader vart fullførte i 2011, men ti prosjekt vart igangsette. Det har vore ein nedgåande


trend frå ein topp på 32 fullførte bustader i 2006. Det har årleg blitt omsett opp mot tolv bustader i kommunen dei siste fire åra. Sjå figurane under.



Det vert satsa på å leggja til rette for auka bustadbygging både frå kommunen si side og private aktørar. Det er ledige tomter både i regulerte og uregulerte bustadområde. Kommunen har nyleg vedteke ein områderegeringsplan for Bjørkheimsområdet som legg til rette for ei større utbygging av leilegheiter og småhus. Bustadbygging er ein svært viktig føresetnad for å auka folketalet. Det er også viktig med eit variert bustadtilbod. Kommuneplanens arealdel bør rullerast for å opna nye område for bustadbygging, og for å gjera rammene for utbygginga klårare.

d. Næringsliv og sysselsetting


Figuren under syner talet på arbeidsplassar i kommunen innanfor kvar næring i 2011. Helse- og sosial dominerer, med undervisning, varehandel/motorvognreparasjonar og industri på dei tre neste plassane.



Tabellen under viser at talet på sysselsette har gått litt ned etter ein topp i 2008. Kommunen har ikkje høg arbeidsløyse, og tal frå NAV viser at dei fleste som vert arbeidsledige i Samnanger får seg jobb relativt raskt. Kommunen var registrert med 5 langtidsledige (26 veker eller meir) per 29. august 2011.

	2007	2008	2009	2010	2011
Sysselsette i alt	1186	1276	1220	1196	1196
Syssels. 15-19 år	69	92	67	74	59
Syssels. 55-66 år	253	281	296	273	275
Syssels. 67-70 år	9	16	10	16	21
Syssels. deltid	328	383	363	377	340
Studentar	55	59	56	52	52
Sjukmelde	59	88	49	56	85
Arbeidsledige	29	19	37	39	35
Uføre	124	124	122	133	143


Over halvparten av arbeidstakarane i kommunen pendlar til arbeid i andre Hordalandkommunar eller til sokkelen, med Bergen som den klart største mottakaren av pendlarar, sjå figur under. Nærleiken til desse tilgrensande kommunane gjer at kommunen sine innbyggjarar har tilgang på ein differensiert arbeidsmarknad. Det bør vera eit mål å få fleire arbeidsplassar lokalisert i Samnanger. Det bør samtidig gjerast marknadsføring av kommunen som ein stad å bu sjølv om ein arbeider i Bergen.



e. **Kommuneøkonomi**

Samnanger kommune er i KOSTRA-gruppe 2. Den er definert som ein mindre kommune med middels bundne kostnader per innbyggjar og med middels frie disponible inntekter. Kommunen har til dels store inntekter frå kraftutbygging. Dei om lag 20 mill. er medverkande til at kommunen kan oppretthalda kvalitet på tenestene.

I 2011 ligg lånegjelda til kommunen om lag på same nivå som landsgjennomsnittet når me måler den i kroner pr innbyggjar. Kommunen har fatta vedtak om fleire store investeringar som gjer at lånegjelda i løpet av dei komande åra vil auka med netto 50 mill kroner.



3. Kva utfordringar står kommunen andsynes?

Samnanger har ei uttrykt målsetting om å auka folketalet. Dette vil ikkje skje utan stor innflytting. Nærleiken til Bergen tilseier at det er mogleg å få til. Kommunen må derfor arbeida for å finna fram til tiltak som gjer kommunen meir synleg, samstundes som det vert arbeidd med å tilretteleggja for tenester som gjer kommunen meir attraktiv. Dette vil innebera både å halda god standard på eksisterande kommunale tenester, få etablert nye tenester og tilbod (både private og offentlege), samt å framstå som ein kommune med eit godt omdømme. I tillegg må sjølvstøtt infrastruktur knytt til bustadbygging vera på plass. Det må både settast av tilstrekkeleg attraktive område for bustadbygging og infrastruktur som veg, vatn, avlaup og offentleg kommunikasjon må vera på plass.

4. Kommunen sitt plansystem

a. Skildring og evaluering av plansystemet

Kommunen har tidvis hatt mangel på plankompetanse dei seinare åra, noko som gjer at kommunen sitt plansystem treng å forbetrast. Dette går m.a. på å få etablert system og rutinar knytt til handsaming av planar. Det er viktig å få ei rolleavklaring omkring planprosessen. Det gjeld både kommunale og private planar. ROS-akseptkriterium er vedtekne for kommuneplanlegging, i samband med ei grovkartlegging av risiko i heile kommunen. Metodikken må takast over i reguleringsplanane. Planarbeid er eit omstendeleg arbeid, og det er derfor viktig at ein før oppstart av ein plan tenkjer igjennom om det er ein plan som er rette reiskapen for å oppnå målet.

Politisk involvering gjennom heile planprosessen er viktig for å sikra eigarskap til planane, samt at administrasjonen arbeider med dei løysingane det er politisk fleirtal for. Politikarane treng meir opplæring i planlegging, slik at dei ser nytten av planlegginga.

Det er viktig av mange grunnar å dokumentera ulike steg i ein planprosess. Det vil sikra at det er mogleg for nye tilsette å plukka opp trådane etter tidlegare tilsette. Det bør utarbeidast rutinar for å dokumentera ulike steg i planprosessar (som går over lang tid).

Digitalt planarkiv er no eit lovfesta krav, men Samnanger har framleis ein lang veg å gå for å nå dette. Det bør prioriterast ressursar til ei opprydding og tilgjengeleggjering.

Område- og detaljreguleringsplanar som kommunen ynskjer å få utarbeidd vert ofte kjøpt inn frå eksterne konsulentar, då dette er svært omfattande og detaljert arbeid som kommunen sin eigen planleggjar ikkje har ressursar til å prioritera. Kommunen har rammeavtale for slike innkjøp. Det vert lagt vekt på eit tett samarbeid mellom kommuneplanleggjaren og konsulenten slik at arbeidet som vert utført er i tråd med kommunen si bestilling.

b. Kommuneplanens samfunnsdel 2007 – 2017

Samfunnsdelen er eit verkty for kommunen si heilskapelege planlegging og skal vera grunnlaget for sektorane sine eigne planar. Samfunnsdelen skal også gje grunnlag for overordna prioriteringar i arealdelen. Samnanger sin samfunnsdel fokuserer på å gjera Samnanger til ein kommune ”der *du* vil leva og bu”. Ei rekkje hovud- og delmål vert lista opp. Det er eit spørsmål om der er i overkant mange. Levekår, bustad, arbeid/næring, infrastruktur, kommuneorganisasjon og marknadsføring vert kalla ”satsingsdropane”, og vert brukte og refererte til i ulike samanhengar. Hordaland fylkeskommune har generelt uttalt at dei rår alle kommunane til å leggja vekt på å revidera samfunnsdelen i samsvar med ny plan- og bygningslov og nasjonale forventningar. Me vurderer likevel at vår plan kan stå seg ei tid til.

c. Kommuneplanens arealdel 2004 – 2014

Gjeldande arealdel til kommuneplanen har store manglar i føresegnene, samt at dei på mange punkt er vanskelege å tolka. Struktura i oppbygginga er uforståeleg og gjer det vanskeleg å forstå kva som er føremålet med dei einskilde føresegnene. Planen har heller inga planskildring eller konsekvensutgreiing som forklarar korleis dei ulike områda er kome til eller kva omsyn ein har vektlagt.

Dei mange søknadane om dispensasjon syner at arealbruken i kommuneplanen ikkje er optimal. Delar av arealdelen vart med vedtak av kystzoneplanen erstatta. Dvs. at det er resten av kommunen som no står for tur til å få ein oppdatert plan med nye utviklingsmoglegheiter.

Kystzoneplanen har føresegner og planskildring med konsekvensutgreiing som gjer det mykje lettare å handsama søknadar innanfor dette området.

Konklusjon: Kommuneplanens arealdel må prioriterast høgt i denne valperioden.

5. Einingane sine vurderingar

a. Pleie og omsorg

Opplæringsplan tilsette/kompetanseplan

Dei siste 20 åra har pleie- og omsorgstenestene gjennomgått store reformer som har omfatta både eldreomsorga og brukargrupper med ulike typar funksjonshemmingar. Gjennom Handlingsplan for eldreomsorga vart det sentralt teke eit krafttak både for å auka kapasiteten og å rusta opp kvaliteten på tenestetilboda til eldre. Samstundes, i kjølvatnet av reforma for utviklingshemma og opptrappingsplanen for psykisk helse, er talet på yngre brukarar auka monaleg dei siste 10 åra.

Nye brukargrupper stiller krav til nye arbeidsformer og endra kompetanse. Behov, omfang og sjukdomsbilete er i stadig endring. Utfordringane vil liggja i å finna fleksible og forsvarlege ordningar for tenestene som til ei kvar tid er i samsvar med brukarane sine behov og samstundes vert finansiert innan dei rammene me har til rådvelde.

Me ser ei utvikling mot at kommunen i større grad må leggja til rette for at alvorleg sjuke og døyande vel å vera i eigen heimkommune. Dette er ei positiv utvikling der fokus vert retta mot pasienten og deira pårørande sine ønskje og behov. Samstundes er dette med å stilla strenge krav til fagleg kompetanse, fleksibilitet og kunnskap hjå dei tilsette.

Med samhandlingsreforma er det tydeleg at sentrale myndigheiter ynskjer å få fleire pasientar behandla i eigen kommune for å unngå for stort press på sjukehusa. Dette vil medføre behov for meir kompetanse i kommunane.

For å kunna møte desse utfordringane er det behov for høg og samansett kompetanse i eininga. Det er naudsynt med tilsetjingar av fagpersonar samt å syta for at dei som er ufaglærte får moglegheit for å ta utdanning. Samnanger kommune arbeider nært med Fusa vidaregåande skule. Dei tilbyr ulik utdanning for helsefagutdanning (helsefag-arbeidar), lærlingar innan helsefaget (TAF) og etterutdanning (psykiatri).

Samnanger kommune treng ein god kompetanseplan som tydeleggjer kva kompetanse me har, kva me treng og korleis me skal få tak i kompetansen me manglar.

Handlingsplan for vaksne personar med nedsett funksjonsevne

Samnanger kommune har ei stor gruppe med personar med nedsett funksjonsevne. Personane har ulik funksjonsnedsetting og ulike behov. Nokre bur i eit av dei to bufellesskapa, andre bur i egne leilegheiter eller heime hjå foreldra. Samnanger kommune har ikkje eige dagtilbod eller arbeid for denne gruppa og kjøper pr i dag tenester hjå andre.

Born og unge bur heime med eigen familie. Ein del familiar treng avlastning. Fram til no er det kjøpt tenester hjå andre sidan det økonomisk og praktisk ikkje har vore mogleg å driva dette i eigen kommune.

Fleire brukarar og foreldre signaliserer behov for bustad. Fleire av desse brukarane vil vera avhengig av tett oppfølging i det daglege.

Etablering av eit nytt butilbod/senter for funksjonshemma er med i økonomiplan Samnanger kommune. I samband med dette arbeidet vil det vera viktig å laga ein god plan for dette tenesteområdet. Viktig å avklara kva som skal gjerast i eigen regi og kva som eventuelt må/vil kjøpa hjå andre. Det trengst gode strategiar på:

- Differensierte butilbod.
- Dagtilbod/arbeid.
- Avlastningstilbod.
- Støtte- og fritidskontaktar
- Kompetanse.
- BPA (Brukarstyrt personleg assistent) ordninga.
- Samarbeid med 2.linjetenesta.
- Samarbeid med andre kommunar.

Psykatriplan

Psykisk helsearbeid i kommunane er tiltak retta mot menneske med psykiske lidingar og konsekvensar av lidingane hos den enkelte, deira familie og nettverk. Psykisk helsearbeid er både eit kunnskaps- og eit praksisfelt. Det omfattar arbeid på systemnivå som førebygging av psykiske lidingar, opplysningsarbeid og anna arbeid for å motverka stigmatisering og diskriminering.

Temaet psykiatri er mykje omtalt i Samnanger kommune sin nye Folkehelseplan. Psykiske helse er viktig og vil omhandla alle aldersgrupper i Samnanger kommune.

Temaet er viktig og samansett, og kommunen bør ha eigen plan på dette området. Planen må vera tydeleg på mål og kva tiltak kommunen vil nytta for å nå dei ulike måla.

Plan for pleie- og omsorgstenestene.

Samnanger kommune, eining for pleie og omsorg har i perioden 2008 - 2012 styrt etter planen som no må reviderast. Det å ha ein plan med mål og strategiar er viktig. Med dei nye utfordringane (ombygging, samhandlingsreform, ØH senger med meir) er det behov for eit nytt plandokument. Tema som må omtalast i planen er;

- Drift av ny Samnangerheim
- Dagtilbod
- Omsorgsløn
- Kjøkkentilbod
- Tilbod i heimetenesta (heimesjukepleie og praktisk bistand til reinhald)
- Utskrivingsklare pasientar
- Medfinansiering (Samnanger kommune betaler for sjukehusopphald).

- ØH senger – må ha eit tilbod innan 2016. Korleis skal kommunen løyse dette.
- Førebygging (kva strategi skal me ha) – sjå saman med Folkehelseplanen.
- Ressurspersonar (kompetanse i eigen kommune eller samarbeide med andre)
- Kompetanse
- Rehabilitering
- Friviljuge

b. Eining for interne tenester

Det ser ut til å vera litt tilfeldig bruk av omgrepa "plan", "vedtekt" og "reglement" innanfor interne tenester sine ansvarsområde. Nokre eksempel:

- *Seniorpolitisk plan* kunne like gjerne vore kalla *Seniorpolitiske vedtekter*, på same måte som for *Personalvedtekter*.
- *Lønspolitisk plan* kunne like gjerne hatt tittelen *Lønspolitiske retningslinjer*
- *Målbruksplanen* kunne like gjerne hatt tittelen *Reglement for målbruk* eller *Skrivereglar*

Det er etter behov for å klargjera kva som skal til for at eit dokument skal kallast ein plan/definerast som ein plan.

Oversikt gjeldande planar				
Namn	Vedteken	Vurdering / evaluering	Er det behov for planen?	Når bør planen reviderast?
Lønspolitisk plan	Del I, 2009 Del II, 2012	Etter Hovudtariffavtalen, kapittel 3, § 3.2 skal alle norske kommunar ha ein lokal lønspolitikk/lønspolitiske retningslinjer. Lønspolitisk plan vart første gong vedteken i 2003. Planen har seinare vore revidert fleire gongar. Planen er mellom anna eit nyttig hjelpemiddel i samband med lokale lønsforhandlingar og ved nyttilsetjingar.	Ja, det er behov for dette dokumentet, men det må vurderast om dette er ein "plan".	Del I - 2013 Del II - 2013
Målbruksplan	1998	Det er ikkje eit lovkrav om målbruksplan, språkplan eller liknande. Det er ulike oppfatningar hos tilsette i kommunen om kor godt planen fungerer. Det er også ulike oppfatningar om kor vidt det er behov for ein målbruksplan.	Usikkert. Det bør i alle fall vurderast om dette skal vera ein plan eller eit reglement.	Dersom me skal ha reglar for målbruk, bør planen reviderast. Men dette er ikkje ei "hastesak".

Oversikt gjeldande planar				
Namn	Vedteken	Vurdering / evaluering	Er det behov for planen?	Når bør planen reviderast?
Opplæringsplan for tilsette	2005	<p>Gjeldande plan vart heimla i § 7 i Hovudavtalen. I noverande Hovudavtalen er det aktuelle punktet teke vekk. Det er uklart om kommunen er pliktig til å ha ein overordna opplæringsplan, men kommunestyret har i pkt. 1.8 i personalvedtektene bestemt at me skal ha ein slik plan .</p> <p>Planen skal reviderast av kommunestyret minst kvart fjerde år. Dette har ikkje vorte gjort sidan 2005. Planen er derfor "forelda" på nokre punkt.</p> <p>Denne planen har ikkje fungert godt nok, spesielt når det gjeld overordna/strategisk kartlegging av opplæringsbehov og planlegging/prioritering av opplæringstiltak.</p> <p>Det bør arbeidast meir på "strategisk nivå" med kartlegging av opplæringsbehov og planlegging/prioritering av opplæring/kompetanseutvikling for tilsette i kommunen. Skule og barnehage (gjennom regionsamarbeidet) har eit godt system for dette, men i mindre grad resten av kommunen.</p>	Ja	Overordna del av planen - 2013
Seniorpolitisk plan	2004	<p>Det har ikkje vorte gjort endringar i kommunen sine seniortiltak sidan 2004. Satsane for seniortillegg etc er dei same som ved innføringa av planen.</p> <p>Tiltaka i planen er positive for dei tilsette, men det er uklart om tiltaka har effekt når det</p>	Truleg ikkje. Seniortiltaka kan leggjast inn i personalvedtektene.	

Oversikt gjeldande planar				
Namn	Vedteken	Vurdering / evaluering	Er det behov for planen?	Når bør planen reviderast?
		gjeld å få eldre tilsette til å stå lenger i arbeid.		
Beredskapsplan (overordna plan)	Planen vedteken i 2002. Varslingslister etc vert oppdatert årleg.	Planen er 10 år og det er behov for gjennomgang/oppdatering. Det er behov for å gå gjennom diverse forhold knytt til beredskap i kommunen, mellom anna ansvarsfordeling, materiell/utstyr og opplæring.	Ja.	2013
Arkivplan	1996	Krav om at kommunen skal ha arkivplan går fram av § 2-2 i forskrift til Arkivlova. Mykje av innhaldet i den gjeldande planen er "forelda". Det er behov for full revisjon av planen.	Ja.	2013
E-kommune handlingsplan 2012	2009	Samnanger slutta seg i 2009 til E-kommunestrategi og – handlingsplan, som ein del av samarbeidet i strategi- og koordingeringsrådet (SKR) i Bergensregionen. SKR er no nedlagt, og samarbeidet mellom dei tidlegare SKR-kommunane har som følge av dette vorte meir "tilfeldig". Handlingsplanen har i relativt liten grad vore styrande for kva tiltak me har gjennomført i Samnanger sidan 2009. Vurderingane tilseier at det er behov for ein samla plan på IKT-området, der målsettingar for Samnanger som E-kommune kan inngå som ein del av planen.	Planen bør erstattast med ein eigen IKT-plan for Samnanger kommune. Denne planen bør på plass i 2013.	

Oversikt manglande planar / framtidig planbehov	
Namn	Vurdering
IKT-plan	Det er behov for ein utviklingsplan for IKT i kommunen for perioden 2012 – 2015. Planen bør mellom anna omfatta målsettingar (kan delvis hentast frå kommuneplanen), prioriteringar og innkjøps-/investeringsdel. Planen bør så langt som mogleg omfatta alle tenesteområde i kommunen.
Interkommunalt samarbeid	For å løysa ulike administrative oppgåver (og eventuelt andre kommunale oppgåver) på ein effektiv måte i åra som kjem, bør det vurderast om samarbeid med andre kommunar er aktuelt, for eksempel innanfor IKT, løn, fakturering. Det er ønskjeleg å få på plass ein strategi for interkommunalt samarbeid på ulike område. Dette bør kanskje inngå i samfunnsdelen av kommuneplanen.

Prioriteringar i planperioden <i>(det vil vera viktig for eininga at planarbeidet/prioriteringa av planarbeidet vert forankra politisk)</i>			
Prioritet nr.	Namn	Tekst	Ressursbehov
1	Arkivplan	Utarbeida ny arkivplan. Bør vera ferdig i løpet av 2013.	Truleg ikkje behov for ekstra stillingsressursar til dette arbeidet. Det vil bli ein årleg lisenskostnad på ca. 3.000 – 5.000 kroner for dataprogram for arkivplan.
2	IKT-plan	Utarbeida IKT-plan. Bør vera ferdig i løpet av 2013.	Truleg ikkje behov for ekstra stillingsressursar, men det kan vera behov for noko ekstern hjelp til arbeidet. I tillegg må einingane involverast i arbeidet.
3	Opplæringsplan	Revidera gjeldande plan. Vurdera korleis planen skal byggjast opp / korleis kommunen skal arbeida med opplæring og kompetanseutvikling. Bør gjerast i løpet av 2013.	Det er truleg behov for noko ekstern hjelp til arbeidet. Kommuneadministrasjonen har ikkje nok kompetanse på dette området. Det vil også vera nødvendig med ei arbeidsgruppe der fleire av einingane samt tilsettrepresentantar er med.
4	Lønspolitisk plan	Både del I og del II bør reviderast våren 2013. Som nemnt ovanfor, er det usikkert om dette er ein "plan" eller "retningsliner".	Ikkje behov for ekstra stillingsressursar eller eksternt hjelp til dette arbeidet.
4	Målbruksplan	Dersom kommunen framleis	Det bør ikkje vera nødvendig å bruka

Prioriteringar i planperioden <i>(det vil vera viktig for eininga at planarbeidet/prioriteringa av planarbeidet vert forankra politisk)</i>			
Prioritet nr.	Namn	Tekst	Ressursbehov
		skal ha ein målbruksplan, bør denne reviderast i løpet av planperioden 2012 – 2015.	mykje ressursar på dette arbeidet, men truleg vil det vera behov for litt ekstern hjelp av nokon med kompetanse innanfor språk/rettskriving.

c. Barnehageeininga

Barnehagane skal etter barnehagelov med rammeplan ha ein årsplan for kvar barnehage. Det vert laga ny plan kvart år. I tillegg er det ein generell årsplan som gjeld for 3 år av gongen, felles for barnehageeininga. Barnehagane er òg ein del av strategiplan for barnehage og skule. Dette området treng ikkje prioriterast i planstrategien.

d. Teknisk eining

Transport og infrastruktur

Dei kommunale vegane har låg standard og er mange stader rasutsette. Vinterbrøyting er eit utfordrande arbeid. Trafikksikringsplanen er frå 2003 og inneheld ei heil rekkje naudsynte tiltak, nokre er følgde opp og nokre ikkje. Det er på høg tid med ei reevaluering av situasjonen i kommunen.

Gjennomføring av nyleg vedteken områderegeringsplan for Bjørkheimsområdet krev at det vert bygd undergang under fv 7, då det eksisterande overgangsfeltet er trafikkfarleg. Kommunen jobbar mot Statens vegvesen for å få gjennomført dette.

Det finst plassar for innfartsparkering for overgang til buss til Bergen i Hisdalen og på Lønnebakken. Slike bør òg etablerast ved Nordbygda grendehus og på Bjørkheim, samt utviding ved Lønnebakken. Bjørkheim og Lønnebakken er planavklart, medan Nordbygda må takast inn gjennom arealplanprosessen.

Hovuddelen av dei sentrale områda har kommunalt vatn og avløp, men her er stort utvidingspotensiale. I samband med bygging av ny gang- og sykkelveg langs Tysseelva og Frølandsvatnet vert det vurdert å leggja vatn til Frøland og Totland for påkopling av om lag 60 nye husstandar. Øvste del av Eikedalen skal byggjast ut og påkoplast Kvam herad sitt anlegg på Kvamskogen. Kommunen har som ambisjon å arbeida for også ei utbygging nedover mot tunnelen Fossen bratte (kommunestyrevedtak 20.06.2012).

Det kjem ein jamn straum av søknadar om utsleppsløyve for mindre avløpsanlegg i fritidsbustader, samt enkelte bustader. Det bør utarbeidast nye retningsliner for korleis kommunen ynskjer at utviklinga skal skje. Temaet kan takast opp gjennom kommuneplanens arealdel.

Kloakkrammeplan og Vassforsyningsplan

Det er behov for ein gjennomgang på dette området. Planane er forelda og treng revisjon.

Energibruk og klima

Kommunen har ein klima- og energiplan frå 2010. Fokusområda i planen er energibruk, klima og miljø, haldningar og lokal energiproduksjon. Ved nybygg og rehabilitering av kommunale bygg har det den seinare tid blitt lagt vekt på energibruk, i tråd med tilrådingane i denne planen. Planen er tidsmessig og god, treng ikkje revisjon enda.

e. Eining for kultur

Kulturplan 2009 – 2013 (2020)

Kulturplanen treng ikkje revidering, men det trengs ei rullering av tiltaka. Tiltaksplanen i kulturplanen har blitt følgt, og ein del av dei tiltaka som kan løysast innanfor ramma er gjennomførte. Det trengs ei ny prioritering av tiltak. Ein ny tiltaksplan bør gjelda frå 2014.

Kommunaldelplan for kulturminne

Arbeidet er godt i gong. Det er venta at planen blir vedtatt tidleg i 2013.

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Arbeidet er i gong. Det er lagt opp til at planen blir vedtatt i fyrste halvår i 2013.

Plan for den kulturelle skulesekken 2012 – 2015

Planen er ny og god.

Nye planar

Me kan ikkje sjå at det er behov for nye planar for Eining for kultur. Eksisterande planar og planar under arbeid dekkar dei fagområda me har. Alle planane er tidsriktige.

f. Liste over alle eksisterande planar

Ein del av dokumenta dei ulike einingane har kalla "plan" er i realiteten vedtekter, retningsliner eller reglement. Det bør skje ein kritisk gjennomgang for å få fram kva som faktisk er reelle planar. Den følgjande tabellen listar alle dokument som i denne samanheng er vurderte til å vera ein plan.

Kommuneplanen	Vedtaksår	Vurdering
Samfunnsdelen	2007	Tilfredsstillande
Arealdelen	2003	Må reviderast
Kommunedelplanar	Vedtaksår	Vurdering

Kystsoneplan	2012	Tidsmessig og god
Energi- og klimaplan	2010	Tidsmessig og god
Trafikksikringsplan	2003	Må reviderast
Tema-/Sektorplanar, Handlingsplanar	Vedtaksår	Vurdering
Arkivplan	1996	Behov for full revisjon
Beredskapsplan	2002	Må reviderast
Bustadpolitisk handlingsplan		Treng revisjon
Folkehelseplan	2012	Heilt ny
Fosterheimsplan		Bør reviderast
Handlingsplan for vaksne med nedsett funksjonsevne	2008	Bør reviderast i tilknytning til planlegging av senter for funksjonshemma
Helse- og omsorgsplan/ plan for eldreomsorga		Pga. utbygginga av sjukeheimen bør denne takast seint i planperioden
Kloakkrammeplan		Treng fornying
Kulturplan	2009	Fleire underplanar under arbeid. Sjølve kulturplan kan vente med revisjon
Strategiplan for skule og barnehage		
<ul style="list-style-type: none"> • Leseløftet - handlingsplan for lesing i Samnanger 2011-2020 • Mobbing (handlingsplan mot mobbing) 	2011	Tidsmessig og god
	2003	Arbeid er i gang
Lønspolitisk plan	2009	Del II revidert 2012
Målbruksplan	1998	Er gamal, treng fornying
Opplæringsplan tilsette/Kompetanseplan		Treng revisjon strategisk del
Plan for pleie- og omsorgstenestene	2008	Må reviderast
Psykiatriplan	2007	Bør reviderast, treng tydelege mål og tiltak
Ruspolitisk handlingsplan	2007	Bør prioriterast høgt
Seniorpolitisk plan	2004	Kan utgå
Skulebruksplan	2009	Tidsmessig og god
Smittevernplan	2004	Bør sjåast på - oppdaterast

Vassforsyning		Må reviderast
---------------	--	---------------

g. Nye planbehov

IKT-plan

6. Kommunen sitt planbehov i lys av punkta over

Kommuneplanens arealdel er den som må få prioritet.

I tillegg bør planar som er knytt til tilrettelegging for bustadbygging prioriterast.